

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/389 - 20/13356

Saksbehandlar:

Tone Furustøl

tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:

09.03.2020

Stadfesting på mottatt klage - gbnr 357/8 Sætre

Tiltak: Klage på vedtak
Byggjestad: Gbnr: 357/8
Tiltakshavar: Ørjan Tveit
Ansvarleg Absolutt Form - Rolf Hermansen
søklar:

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage innan rett tid den 06.03.2020.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte den 29.04.2020. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak frå areal, plan og miljø datert 05.02.2020. Oppmoding om utsett iverksetting vert behandla uavhengig av sjølve klagebehandlinga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klagt på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF, arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Meland kommune og bygningslova § 1-8 for vedlikehald av fundament til eksisterande naust, oppføring av støttemur og båtslipp med utstikkarar. Vedtaket av 05.02.2020 erstattar vedtaket frå Utval for drift og utvikling i tidlegare Meland kommune, datert 26.11.2019 i sak 19/1589. Det ligg ikkje føre søknad om løyve til tiltaka på noverande tidspunkt.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsatt iverksetjing av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålsteneleg å handsame ein eventuell søknad om løyve til dei samla tiltak før klagen på dispensasjonvedtaket er endeleg avgjort då eventuelle omgjering av dispensasjonsvedtaket vil føre til at eit eventuell løyve også må gjerast om. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsatt iverksetjing får mindre konsekvens for tiltakshavar.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon. Utsatt iverksetting gjeld for samtlege omsøkte tiltak.

På denne bakgrunn vert det gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon for samtlege omsøkte tiltak.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.

- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ørjan Tveit

Elsters Gate 3

5059

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER